



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Fredrik Arnesen, 5557 2369

Vår dato  
12.07.2017  
Dykkar dato  
30.06.2017

Vår referanse  
2016/16375 350  
Dykkar referanse  
17/13433

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 Frekhaug

### **Tilsyn med samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i Meland kommune 2017 - Plan for oppfølging**

Vi viser til brev frå Meland kommune av 30. juni 2017 med kommunens plan for oppfølging av avvik.

Fylkesmannen er positiv til at Meland kommune nå snarleg startar arbeidet med eit fellesprosjekt knytt til beredskapsplanlegging for den nye Alver kommune (som etablerast frå 1. januar 2020) saman med Radøy og Lindås.

Kommunen fekk tre avvik i tilsynet den 24. januar 2017. I tilbakemeldinga frå dykk kjem det frem at kommunen vil følgje opp avvik 2 og avvik 3 innan avtalte fristar.

Når det gjeld avvik 1, *heilskapleg og systematisk samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid*, vart vi i sluttmøtet einige om at ein realistisk frist for lukking av dette avviket ville vere innan 01.01.2018. I brevet ber de om at den delen av avvik 1 som omfattar planarbeid vert lukka gjennom fellesprosjektet, men at kommunen parallelt med fellesprosjektet vil arbeide vidare med lokale prosessar, der m.a. gjeldande beredskapsplanar vert integrert i kommunen sitt øvrige styringsdokument.

For Fylkesmannen er det viktig at kommunen raskast mogleg følger opp funn i tilsynet, slik at lovpålagte krav blir ivareteke. Som vi påpeikar i tilsynsrapporten, er det viktig at samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i Meland kommune i større grad blir formelt integrert i den daglege verksemda. Dette vil i praksis si at arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i større grad må innarbeidast i kommunens «styringshjul», og omtalast i m.a. økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap (jf. kap. 8 i kommunelova). Mykje av dette arbeidet kan, og bør etter vår oppfatning, gjerast innan den avtalte tidsfristen, men gjerne parallelt med fellesprosjektets arbeid. Dette gjeld også plan for oppfølging av ROS-analysen. I størst mogleg grad bør også kommunen snarast råd utarbeide langsiktige mål, strategiar og prioriteringar for samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i kommunen. Vi har likevel forståing for at det kan være hensiktsmessig å følgje opp denne delen av avviket i fellesprosjektet, og at det difor kan ta noko lengre tid enn avtalt å lukke denne delen av avviket.

Vi viser til dialog om å avtale eit møte om samfunnstryggleik og beredskap i nye Alver kommune, og kan gjerne diskutere detaljar om oppfølginga etter tilsynet i dette møtet.

Med helsing

Arve Meidell  
fylkesberedskapssjef

Fredrik Arnesen  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*